



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang 53



ROTARY:
MAKING A
DIFFERENCE

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Sverre Jarl Ulstein
Visepres: Vegard Gjerde
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Eileen Hareide Brandal
Styremedlem: Bjørn Teigene
Styremedlem: Knut Strømsjordet
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Øystein Alme

17. Mai-song

Ver helsa, dyre Minnedag,
med Bod fraa Eidsvolls Salar,
no raudnar tusund frie Flag
kringum i Norigs Dalar;
i By, ved blaae Fjord
stig Lovsong øgt i Kor,
i Hjarta Lògen brenn
med Takk til hine Menn,
som fremja Fridoms-verket!

Du Land i Nord med Snjo paa Fjell,
som vænt i Nattsol drøymer,
med Talarost i vaarljos Kveld,
mot deg vaar Kjærleik strøymer;
aa, gjev oss Kraft og Mod
te staa, som Feder stod,
med Truskaps Aand i Pakt
i Fred, paa Grensevakt,
ja, til vaart Norigs Æra!

Hans Reynolds

Referat frå Rotarymøte 7. mai 2018.

Bedriftsbesøk Trelast AS, Hareid.

Dagleg Leiar, Terje Giskeødegård Balsnes (Bjørn Teigene) tok imot oss og inviterte oss inn på matsalen.

Terje G. B. held så ein presentasjon av historia rundt noverande Trelast AS.

- *Opna i 1950 av Endre Hareide, då som Hareid Trelastlager AS.*
- *Tomta som Trelast Eigedom eig i dag, blei kjøpt i 1952.*
- *Investerte i forretningsbygg ved trelastlageret og starta produksjon av takstolar i 1973.*
- *Produserte på det meste om lag 6000 takstolar i året.*
- *Gjekk konkurs i 1989, starta opp att same år med ny leiing.*
- *Bygningane vart då teke over av investor, og Trelast leigde lokale til 1998.*
- *Ein brann dette året førte til at Trelast igjen overtok tomte og bygde nytt.*
- *I 2013 ynskte Trelast å spisse satsinga mot hus og kjøken, og selde då byggevarebutikken som ein hadde drive sidan 70-talet, til E.A.Smith og Bygger`n.*
- *Trelast er i dag ein av dei fremste lokale utbyggerane og leverandør av kataloghus frå HIBA.*
- *Trelast er no ein av få leverandørar av Drømmekjøkkenet på nordvestlandet, og har fornøgde kundar i heile regionen.*
- *Vi ynskjer stadig å utvikle oss, i samarbeid med bygdefolket, samtidig som vi har eit brennande ynskje om at Hareid skal utvikle seg, både som bu- og handelskommune.*



Nybygg (Ulsteinvik), levert av Trelast AS

Terje G.B. fortalde at dei no satsar på bustadutvikling i Hareid, Ulstein, Herøy og no og Ørsta. Av litt «kjende» bygg har Trelast AS levert/ bygd «Heimebane-huset». Målet deira er å «vekse», men dei vert pressa på arbeid og marginalar. Markedet ser no ut til å vere i bedring. Trelast AS har ingen fast ansette snikkera, dei nyttar berre innleigd arbeidskraft. Føredraget vart avslutta med ei diskusjonsrunde der det var høve til å stille spørsmål om bedrifta og generellt om budstadbygging i Hareid kommune.

Sverre Jarl takka for føredraget og ønskte alle vel heim.

.Referat frå Rotarymøte 14. Mai 2018.

Dugnad på Rotarystien.

Dugnadslaga delvis saga og rydda skog langs med Rotarystien/ Hareidselva og grusa vegen. Etter ein godt gjennomført dugnad, vart kvelden avslutta med med kaffi og kaker.



Referat frå Rotarymøte 21. Mai 2018.

Program: 2. pinsedag

Referat frå Rotarymøte 28. Mai 2018.

Programfritt.

Møtet denne kvelden starta med songen "No livnar det i lundar".

Sverre Jarl ønskte vel møtt til det siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og kaker.

Sverre Jarl las opp dei som har fødseldag i mai med tilhøyrande applaus. Både Hans Otto R. (80 år) og Karl Johan B. (60 år) hadde «runde dagar». Johan Ole har også fødselsdag denne månaden.

Før praten vart «slept laus» fekk Vegard Gjerde ordet der han presenterte korleis han planlegg å gjennomføre sitt år som President med kommitear og syftemål. Styret/ Vegard har mellom anna redusert antall kommitear til eit minimum av det Rotary krev av oss.

Sverre Jarl takka Vegard G. for informasjonen.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han yngste oss vel heim.